

Forballar i rosa, kvitt og blått.

26.06.2017



Alle har høyrte om Flagget i raudt, kvitt og blått. På Myklebust hos Olav Hjetland Bringedal finn vi forballar i dei tre fargane rosa, kvitt og blått.

I mange år var forballane berre i kvitt. I fjor kom dei i rosa, som ei markering og støtte i brystkreftsaka. I år finn vi mange siloballar i blått og no med fokus på og støtte til Prostatakreftforeningen. Det er Stian Haugland i Haugland Maskin som er mannen bak denne markeringa i Uskedalen og der han har oppdrag.

Stian Haugland fortel til Kvinnheringen at han fekk ideen på Agroteknikk si landbruksmesse på Lillestrøm i 2015. Plasten vert kjøpt inn frå Felleskjøpet og kvart år seier han frå om kor mange ballar han treng for sommaren. Då nyttar han høve til å tinga forballar i den aktuelle fargen. For kvar forballe i blått vert deler av innkjøpsprisen betalt til Prostatakreftforeningen.

Dette er ei verknadsfull og godt synleg markering som skaper positiv merksemd og som fører til god støtte for ei god og viktig sak.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal